

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 16.02.2009
Sakhandsamar: Bjørn Tungland
Saka gjeld: **Budsjett 2009 internrevisjonen – oppretting av ny stilling**

Arkivsak 31

2008/107/005

Styresak 024/08 B

Styremøte 4. mars 2009

Bakgrunn:

På møtet 07.04.08 ved behandling av sak 07/08 Revisjonsplan 2008 – 2010 blei mellom anna følgjande protokollert:

Komiteleiar Kari Oftedal Lima bad om ei vurdering knytt til spørsmålet om kjøp av tenester og egne resursar/bemanning i internrevisjonen

Denne problemstillinga saman med andre spørsmål blei tatt opp i ny sak til møte etterpå og følgjande kan siterast frå saksframlegget:

Kjøp av tenester og egne resursar/bemanning. Problemstillinga er kort omtalt i planforslaget og går kort sagt ut på kor mykje skal ein kjøpe inn av konsulenttenester og kor mykje skal ein ha av fast bemanning. Spørsmålet er drøfta med AD RHF og vi er einige om at vi treng litt meir erfaringsgrunnlag for å vurdere dette. Internrevisor vil leggja fram eigen sak om dette på eit seinare tidspunkt, til dømes hausten/vinteren.

Denne saka er delvis ei tilbakemelding på dette og delvis ei orientering om forslag til budsjett for internrevisjonen.

Budsjett 2009

I vedlegg 1 følgjer forslag til budsjett for internrevisjonen. Det framgår av dette forslaget at totalbudsjettet for internrevisjonen er på nær 4,2 mill kr. Det tilsvarar ein auke på nær 5 % frå budsjettet for 2008. Dette synest å vera eit rimeleg romsleg og greitt budsjett.

Det blir budsjettert med ca 3,1 mill kr i kjøp av konsulenttenester, og ein auke på vel 4 %. Det kan opplysast om at ein reknar med å bruka mellom 2,3 og 2,5 mill kr for inneverande år.

I 2008 var det fleire store prosjekt der konsulenten, Deloitte, hadde store oppgåver. Prosjektet Bierverv gjorde dei heilt aleine, prosjektet Brannvern var nesten tilsvarande, mens internrevisor og Deloitte delte på Økonomistyringsprosjektet. Ekstraordinært avvik Fonna og ventetider innanfor barne og

ungdomspsykiatri har internrevisor gjort utan bistand frå konsulent. Det er lite truleg at ein i 2009 vil kjøpa inn vesentleg meir enn det ein gjorde i 2008. Internrevisor trur at ein har funne fram til om lag det rette aktivitetsnivået i 2008.

Forholdet mellom kjøp av tenester og bruk av egne ressursar

Avtalen ein har med Deloitte er rimeleg god, og timeraten er relativt gunstig. Likevel kan det, som kjent, vera relativt kostbart å kjøpa inn ordinær arbeidstid frå konsulentfirma. Mange konsulentfirma, også Deloitte, er på den andre sida store internasjonale konsern med høg kompetanse, system og systemverktøy for analyse og metodikk. Ein del tenester vil dermed bli rimelegare på både kort og lang sikt om ein kjøper desse hos eksternt firma enn om ein systematisk skulle bygge seg opp sin eigen kapasitet og kompetanse i internrevisjonen.

Det er nok eit generelt behov for å forankre internrevisjonsarbeidet betre i føretaka og i dei enkelte klinikkane og avdelingane. Internrevisjonen og dei revisjonane som skal gjerast, må vera til nytte. Dei reviderte må og oppleva dette som føremålsteneleg og konstruktivt. Internrevisjonen er til for å tryggja styret, revisjonskomiteen og leiinga, men og for den som blir revidert.

Evne og vilje til å erkjenne -, læra av - og retta opp i feil er nok ulikt fordelt. Og kanskje særleg når uavhengige, - det vil seia personar utanfrå føretaket, påpeikar manglar og feil. I alle fall har måten dette blir gjort på og dialogen med dei som blir reviderte, mykje å seia for gode prosessar og eit vellukka resultat.

Ein internrevisjon med egne tilsette har nok høve til å etablere ein betre dialog og betre relasjonar enn eit eksternt firma, der det kanskje er forskjellige personar ein møter frå gong til gong.

I dei andre regionane har ein etablert internrevisjon med to eller fleire medarbeidarar. Både i Helse Nord og i Helse Midt har ein to tilsette og noko kjøp av eksterne tenester. I Helse Sør-Øst er det fem tilsette, - og i tillegg kjøp av tenester.

Vurderingar

Dei fleste er truleg samde i at det i dette høve neppe er eit spørsmål om anten kjøp konsulenttenester eller egne tilsette, men heller kva slags blanding det skal vera.

Dette er avveging mellom på den eine sida behovet for nærleik og forankring, kvalitetssikring av metode, tilnærming og rapportutforming, samt oppbygging av eigen kompetanse til mellom anna å utøva bestillarfunksjon på den eine sida og på den andre sida kunna nytta seg av fleksibiliteten til å kunna kjøpa den breidde- eller spisskompetansen enn treng til ei kvar tid

Internrevisor vil for eigen del meina at to medarbeidarar i internrevisjonen truleg vil vera meir effektivt og bety at totalkostnadene blir rimelegare, det vil kunna gje høve til å etablere eit visst fagmiljø og større stabilitet enn ved bare ein. Internrevisjonen blir dermed også mindre avhengig av konsulentfirmaet. Forhåpentlegvis vil ein også betre kunne forankra internrevisjonsarbeidet i føretaka.

Forslag til vedtak:

Styret til vedtar forslag til budsjett for internrevisjonen. Internrevisjonen blir utvida med ei stilling. Kostnadene blir dekkja ved ei omdisponering frå Fremmed teneste/kjøp av konsulentteneste.

Budsjett 2009

Internrevisor	Regn Sep	Fremskr.	Budsjett 08	Avvik	Budsjett 09
33 - Offentlig avgift vedr. omsetning		-	0	0	
3 - Salgs- og driftsinntekt		-	0	0	
5 - Lønnskostnad	665 841	887 788	1 059 676	171 888	1 080 171
(6720V) Konsulenttjenester	-	-		-	
67 - Fremmed tjeneste	-	-	3 000 000	3 000 000	3 132 000
68 - Kontorkostnad, trykksak o.l.		-	37 300	37 300	38 941
(6901) Telefon, internett, ADSL - ansatte	1 709	2 279		-2 279	
69 - Telefon, porto o.l.	1 709	2 279		-2 279	
6 - Annen driftskostnad, av- og nedskrivning	1 709	2 279	3 037 300	3 035 021	3 037 300
(7100V) Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig	2 192	2 922		-2 922	
(7140V) Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	21 337	28 449		-28 449	
(7150V) Diettkostnad, oppgavepliktig	1 230	1 640		-1 640	
71 - Kostnad og godtgjørelse for reise, diett, bil o.l.	24 758	33 011	75 000	41 989	75 000
7 - Annen driftskostnad, av- og nedskrivning	24 758	33 011	75 000	41 989	75 000
Sum kostnader før klasse 8/9	692 309	923 078	4 171 976	3 248 897	4 192 470
Resultat før klasse 8/9	692 309	923 078	4 171 976	3 248 897	4 192 470
Sum kostnader	692 309	923 078	4 171 976	3 248 897	4 192 470
Resultat	692 309		4 171 976	4 171 976	4 192 470

Det er utgiftesført 1,752 i tillegg kjem 600.000 til saman for dei tre siste månadane